

Årsmelding Gol skule og SFO (Kultur og levekår)

Kommuneplanen sin tekstdel

Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.

Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleva meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.

God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.

Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.

Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

Avvik – nærvær og regnskap:

Regnskap:

- Gol skule og SFO hadde i 2012 eit overforbruk på 580 000 kroner.
- Lønnspostane viser eit mindreforbruk på 161 000 kroner. Dette må sjåast opp mot eit meirforbruk på kjøp av tenester (hovudart 12 000) på 197 000 kroner. Desse tenestene er logoped, Grøn omsorg, kjøp av lærarar til korpsundervisning, og veiledning i arbeid med elevar med autisme.
- Kjøp av varer og tenester har eit samla overforbruk på 666 000 kroner. 197 000 kroner gjeld kjøp av tenester (sjå pkt over). 287 000 kroner gjeld kjøp av IT-utstyr til elevane i samband med innføring av nytt elevnett for elevane i Hallingdal. Resten, 182 000 kroner, er overforbruk på anna innkjøp.
- Kjøp av tenester har eit meirforbruk på 374 000 kroner. Dette er kjøp frå andre kommunar og gjeld elevar som er fosterheimsplasserte i andre kommunar. Det meste av dette er ein faktura som skulle vore utgiftsført på 2011-rekneskapen.
- SFO har eit mindreforbruk på 490 000 kroner. Gol kommune sine utgifter til SFO i 2012 er på 654 000 kroner. Mindreforbruk på løn på SFO –regnskapen er hovudsakeleg brukt til leksehjelp.

Mål og måloppnåing 2012:

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik:
Læringsresultat Læringsstrategiar Læringsmiljø	Tilstandsrapporten for 2012 vil rapportere på desse områda		
Ny skule for 1.-10. trinn	Arbeidet med planlegging er vidareført i 2012.		Arbeid med reguleringsplan har tatt lenger tid enn forutsett.
Skulen skal vera mobbefri og medverke til utvikling av sosial kompetanse.	TL-programmet og ART skal vera tiltak for eit positivt og inkluderande elevmiljø		Skulen er ikkje mobbefri, men tiltaka fungerer etter intensjonen.
Kulturelle aktivitetar skal fremje eit positivt læringsmiljø	Prosjektet Korps i skulen er vidareført i skuleåret 2012-2013		
Tidleg innsats	Prosjektet Felles Løft for tidleg innsats er i gang for barneskulane med vidareføring i 2013		
Personalet har felles haldningar og følgjer felles rutiner	Kvalitetsportalen er tatt i bruk for informasjon om felles rutiner og fungerer etter intensjonen		

Mål og tiltak 2013:

Personal

- Eit fortsatt lågt sjukefråvær
Korleis: Fokus på eit godt arbeidsmiljø og tett dialog med dei sjukemeldte
Akseptabelt mål: Under 4%

Organisasjon

- SFO og Kulturskulen bør vidareutvikle samarbeidet
Korleis: Kunstleikprosjektet bør gå over til å bli eit varig tilbod
Akseptabelt mål: Minst halvparten av elevane på 1.-4.trinn bør delta på ein kulturskuleaktivitet i veka.
- Samarbeid barnehage og skule ved overgang
Korleis: Utvikle kunnskap om kvarandres verksemder og ha eit tett samarbeid ved overgang
Akseptabelt mål: Felles kommunal plan som sikrar gode rutiner ved overgang barnehage – skule.

Kompetanse

- Rekruttere lærarar med god fagkompetanse.
Korleis: Skulen må framstå som ein attraktiv arbeidsplass med gode og hensiktsmessige lokale.
Mål: Alle lærarar bør ha pedagogisk kompetanse.
- Utvikle kompetansen i personalet
Korleis: Tilby støtte til vidareutdanning
Mål: 1 lærar årleg bør ta vidareutdanning

Teneste/aktivitet

- Sjå Tilstandsrapporten 2012

Utfordringar 2013:

- Omfanget av spesialundervisning bør haldast på eit fornuftig nivå.
Skulen bør kunne tilby tilpassa opplæring til elevar med ulike lærevanskar utan at det er øyremerka som spesialundervisning til den enkelte eleven. Dette vil sikre ei betre fordeling av ressursane som vil koma alle elevane til gode.
Det er ein føresetnad at skulen har nok ressursar til å tilby tilpassa opplæring.
- Tidleg innsats
Det må sikrast gode rutiner ved overgang frå barnehage til skule.
Det må utviklast fagkompetanse for å fange opp og gi adekvat opplæring til elevar med fagvanskar og åtferdsvanskar frå 1. trinn. Ressursar i skulen må i større grad enn no kanalisert til dei lågste trinna.
- Skjult mobbing
Det meste av den mobbinga som blir rapportert er såkalla skjult mobbing. Dette er eit vanskeleg område som krev kompetanseheving.
Opplæring for elevar, tilsette og foreldre vil foregå våren 2013.
- Rekruttering av lærar med fagkompetanse.
Kvaliteten i skulen er heilt avhengig av gode lærarar. Det blir stadig vanskelegare å rekruttere utdanna lærarar i takt med dei som går av for aldersgrensa.